

Førde, 04.07.2013

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn: Langedal Kraft (SUS) – Søknad om løyve til bygging av Langedal kraftverk i Flora kommune, Sogn og Fjordane

Vi viser til høyringsbrevet dykkar av 18.03.2013 og til sakspapira som vi har lasta ned via internett. Takk for at vi fekk utsett høyringsfristen! Ettersom 13 saker i Flora og Bremanger var på høyring om lag samstundes, var det viktig for oss å få utsett fristen for nokre av sakene. Men trass i utsettinga, vil nok høyringsfråsegnene våre bli noko mindre grundige enn vanleg. Vi har avgrensa administrativ kapasitet. Men vi skal prøve å få fram dei viktigaste problemstillingane.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 16 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 5.797. Langedal kraftverk ligg i Flora Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://flora.turistforeningen.no/>

Om friluftsliv i området:

Dei øvre delane av nedslagsfeltet, med mellom anna Storevatnet og Jonstadvatnet og områda rundt, er **viktige** friluftsområde. Turlaga har ein heil del aktivitet i det området, det er mykje aktivitet i tilknytning til dei mange stølane, og det er mykje anna uorganisert friluftsliv. Aktivitetane er mellom anna turgåing til fots og på ski, fiske, bading, bruk av ulike slags båtar på vatna og bærplukking. Den aktuelle utbygginga er ikkje i konflikt med desse friluftsområda.

I sjølve utbyggingsområdet er det, etter det vi kjenner til, stort sett berre lokal friluftslivsaktivitet. Vi reknar med at vegen til Agledal og vidare oppover er ein del brukt som innfallsport til friluftsområda lenger oppe i nedslagsfeltet, inkl. fiske i elva, men vi kjenner ikkje til detaljar for omfanget av slik bruk. Vi reknar med at konfliktnivået mellom den planlagde utbygginga og friluftsliv er nokså lågt.

2.0 Kommenterarar til utbyggingsplanane:

Vassutnytting: Ei slukevne i kraftstasjonen på 150% av middelvassføringa, verkar fornuftig, og gjer at det, bortsett frå i dei tørraste åra, framleis vil bli ein del flaumvassføring att i elva.

Hydrologi: Den minstevassføringa utbyggerane kjem med framlegg om, ca. 5-persentil sommar, og litt under 5-persentil vinter, ville i ei anna elv vere OK, men i denne elva er den etter vår vurdering for låg, truleg altfor låg. Bakgrunnen for det, er både naturverdiane, særleg den viktige fosserøyk-sona, at Langedalsfossen er eit viktig landskapselement, og omsynet til mat til fisk. Det er også verd å merke seg Bioreg AS sitt framlegg om å utvide perioden for minstevassføring sommar til å gjelde perioden 15.03 – 15.10. **Vi ber NVE vurdere om minstevassføringa bør aukast relativt kraftig.**

Inntak: Vi har ikkje spesielle merknader til plassering og utforming av inntaket.



Røyrgate: Vi har ingen spesielle merknader til trasevalet for røyrkata. Bruk av boretunnel på den strekninga som er vist på Figur 18, vil heilt klårt vere den beste og mest miljøvenlege løysinga! Andre røyrगतeløysingar i det bratte partiet, vil føre til store og godt synlege naturinngrep for sannsynlegvis "all framtid". For boretunnelalternativet ser vi at det er lagt opp til at den planlagde elvekryssinga skal skje via boretunnelen. Det er ei fornuftig løysing. Viss det skulle vere aktuelt med ei anna løysing, noko vi meiner bør vere heilt uaktuelt, går vi ut frå at NVE vil krevje ei nærare utgreiing av korleis elvekryssinga skal skje. **Vi ber NVE krevje at det vert brukt bortetunnel på den aktuelle strekninga.**

Kraftstasjonen: Vi har ingen merknader til plasseringa av stasjonen. God lyddemping er som alltid viktig, men det reknar vi med at NVE passar på at det blir. Ettersom elva frå kraftstasjonen og ned til samløpet med hovudelva i Osenvassdraget ved Storebru er ei viktig gyte- og oppvekstelv for mellom anna anadrom fisk, **ber vi NVE krevje at det vert installert omløpsventil i kraftstasjonen.** Viss NVE skulle krevje ei ekstraordinært stor minstevassføring, kan kanskje kravet om omløpsventil sløyfast, men det må NVE vurdere.

Vegbygging: Vi ber om at vegen fram til inntaket vert omgjort til køyresterkt terreng eller ei anna form for "grøn veg" (til dømes køyrespor med grønne vegkantar og grøn "midtrabatt"), etter at anleggsarbeidet er avslutta. Dette vil redusere dei varige inngrepa samstundes som vegen vil gje ein fullt ut tilfredsstillande tilkomst til inntaket både med traktor og anleggsmaskiner om/når det skulle bli aktuelt.

Vegbygginga i tilknytning til kraftstasjonen, har vi ingen merknader til.

Det er gledeleg at den midlertidige vegen langs røyrगतetraseen skal fjernast. For å redusere inngrepa, er bruk av boretunnel på den strekninga som er skissert, viktig!

Nettilknytning: Bruk av ein kombinasjon av jordkabel og hengekabel synest vi er ei god løysing. Men av kartet ser det ut som kabelen går opp i lufta alt like etter kryssinga av den Langedalselva som kjem frå aust. Det vil vere (sterkt) ønskjeleg å unngå å ha linja i lufta på **heile** det flate partiet nede i dalbotnen. Derfor vil det vere ein (stor) fordel om jordkabelen vert lagt lenger bortover flata, om lag bort til 75 m-koten. I det bratte partiet ca. derifrå og opp, må kabelen heilt klårt gå i lufta. **Vi ber NVE vurdere dette i samband med sluttsynfaringa.**

2.6 Forholdet til offentlege planar og nasjonale føringar:

Under dette punktet er det 2 av dei aller viktigaste planane/nasjonale føringane som ikkje er nemnde i det heile. Det burde dei vore, for dei er viktige i denne saka! Desse er:

1. "Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging", vedteken av Sogn og Fjordane fylkesting 11.12.2012. I denne planen er Langedalsfossen (som rett nok er kalla Agledalsfossen i planen, men det er den same fossen det dreiar seg om) med på lista over fossar og stryk som er viktige landskapselement. I Flora kommune er fossen ein av 11 fossar som står på lista, sjå Vedlegg 1 sist i denne fråsegna.
2. OED sine vedtekne "Retningslinjer for små vannkraftverk". I dei retningslinjene er mellom anna både Verdfulle landskapselement og Biologisk mangfald, som fossesprøytoner, viktige tema som er høgst aktuelle for denne konkrete utbygginga.

3 Kommenterarar til verknadane av utbygginga:

3.1 Hydrologi: Vi viser til det vi har skrive om minstevassføring tidlegare i fråsegna. Større minstevassføring vil redusere dei negative verknadane av utbygginga.

3.4 Biologisk mangfold og 3.6 Flora og fauna: Vi har ikkje vurdert dette på ein skikkeleg måte, og reknar med at Fylkesmannen og NVE sine fagfolk gjer det. Av søknaden ser vi at det heilt klårt er ganske store konflikhtar med biologisk mangfold, men frå vår side har vi ikkje vurdert kva slags eventuelle konsekvensar konfliktane bør få for utbygginga, bortsett frå at vi tilrår auka minstevassføring.

3.5 Fisk og ferskvassbiologi: Ettersom elva nedstrøms kraftstasjonen, ned mot samløpet med Oselva, ”er rekna som ei svært viktig gyteelv for det lakseførande hovudvassdraget”, vil det heilt klårt kunne bli negative konsekvensar ved bråstopp i kraftstasjonen. (Stranding av fisk og yngel.) Kor sterkt negative desse konsekvensane vil kunne bli, er det vanskeleg for oss å kunne bedømme, og det er mellom anna sterkt avhengig av vassføringa i elva på stopptidspunktet. For å redusere desse negative konsekvensane, er installering av omløpsventil i kraftstasjonen eit viktig tema!

3.7 Landskap: Det er ikkje tilfeldig at Langedalsfossen (Agledalsfossen) er komen med på lista over fossar og stryk som er viktige landskapselement, i ”Regional plan med tema knytt til vasskraft-utbygging”. **Langedalsfossen er eit veldig viktig landskapselement, særleg når vassføringa er god!** I konsesjonssøknaden er det, heilt korrekt, peika på at fossen er synleg frå gardane i Langedal. Men det som i denne samanhengen er **mykje** viktigare, er at fossen, avhengig av vassføringa, er litt synleg/godt synleg/svært godt synleg for dei som køyrer/reiser langs riksveg 5 mellom Førde og Florø. På denne sterkt trafikkerte strekninga er Langedalsfossen etter vårt syn den heilt klårt flottaste fossen. Fossen i Hovlandselva var ganske fin før den blei utbygd, men det er den ikkje no etter utbygginga. Naustdalsfossen har stor vassføring, men er berre nokre få meter høg. Og så er det nokre ”tynne” fossefall i Svarthumle-område. Det er vel det heile, om vi ikkje tek feil.

For å dempe den negative landskapsverknaden av røyrгатetraseen, er bruk av den tidlegare omtala boretunnelen, viktig.

I konsesjonssøknaden står det mellom anna: *”Der røyrtraseen går gjennom skogen, vil inngrepet være godt synleg nokre år, men vil så bli ført tilbake til dagens tilstand.”*

Vi er ikkje så optimistiske som utbyggarane på dette punktet. Det vi ser, frå utbyggingar som er ein del år gamle, er at når røyrгатetraseen går gjennom skog, så vert den synleg i mange, mange år. Den får ein del likskap med hogstgata for ei 66 kV (som oftast) eller ei 132 kV-kraftlinje.

3.11 Brukarinteresser: Vi viser til det vi har skrive om friluftsliv først i fråsegna.

Samla belastning av fleire utbyggingar:

I denne konsesjonssøknaden er ikkje samla belastning av mange utbyggingar omtala, men dette er eit tema som vi er svært opptekne av, og som vi veit at NVE også legg meir og meir vekt på.

Sett frå vår synsstad, er **fossar og stryk som er viktige landskapselement**, viktige å sjå på ut frå eit ”samla belastnings-perspektiv”. I Fylkeskommunen sin ”Regional plan med tema knytt til vasskraft-utbygging” er det i Flora kommune opplista 11 slike fossar. Sjå Vedlegg 1 sist i fråsegna. Av desse 11 fossane er i dag 2 tørrlagde, medan 2 har fått sterkt redusert vassføring. Ein har fått konsesjon, men er fram til no ikkje utbygd. Av dei resterande 6, er 4 konsesjonssøkte for utbygging i den såkalla Flora-pakken. (I Langedal kraftverk, Hestedalsvatnet kraftverk, Løkkebø kraftverk og Øvre Agledal kraftverk.) Dessutan er utbygging av Grønskredfossen konsesjonssøkt. Den står ikkje på lista over dei 11 fossane i Flora, men det skuldast nok ”ein glipp”, for Grønskredfossen fortener så absolutt ein plass på den lista! Då står det berre 2 fossar att på lista, og dei er kanskje ikkje 100% sikra mot utbygging dei heller, i alle fall ikkje begge!

I vår prioritering kjem både Hestedalsfossane, Grønskredfossen og Lykkjebøfossen høgre opp på lista enn Langedalsfossen. Men Langedalsfossen er jo ein flott foss den og!

Sumverknader på biologisk mangfold, til dømes fossesprutsoner, er også eit viktig tema når det gjeld samla belastning, men det har ikkje vi vurdert.

Kommentarar til Avbøtande tiltak:

Vi viser til det vi her skrive tidlegare i fråsegna om auka minstevassføring. Dessutan viser vi til det vi har skrive om bruk av boretunnel, omgjerding av vegen til inntaket til ”grøn veg”, og nedgraving av kabelen for linjetilknytning tvers over **heile** dalbotnen.

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Konfliktnivået med friluftsliv er ikkje stort nok til at vi har sakleg grunn til å gå mot utbygginga av den grunn.

Ut frå ei samla vurdering, er vi meir i tvil. Langedalsfossen er eit viktig landskapselement. Den er godt synleg frå den sterkt trafikkerte riksveg 5, og på strekninga mellom Førde og Florø er det etter vårt syn ingen andre fossar som kan måle seg med den, viss vassføringa er bra. Det er altså store ålmenne interesser knytt til å la fossen renn fritt også i framtida. Og så er det omsynet til biologisk mangfold.

Ettersom vi er i tvil, og konfliktnivået med friluftsliv er lågt, har vi kome til at vi ikkje vil kome med ei konkret tilråding til NVE i denne saka. Uansett blir det NVE som må ta avgjerda. Og i denne saka er det heilt sikkert viktig både å vurdere den konkrete kraftutbyggingssaka, og, kanskje minst like viktig, å sjå på sumverknadane av dei mange utbyggingane og konsekvensane av dei på ulike fagområde.

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: alvar-m@online.no.

Venleg helsing
for SOGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)

Vedlegg 1:

Fossar og stryk som er viktige landskapelement. Kopi frå: ”Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging”. Berre dei 11 fossane i Flora kommune er relevante for denne saka.

Namn	Kommune	Lokalisering/merknad	Vasskraftprosjekt - kjent?	Vassføring
Foss frå Handklevatnet ned mot Sjørdalen	Bremanger		Handklevatnet er regulert.	Redusert
Elv frå Hjelmevatnet	Bremanger		Ja	Tørrlagd
Storefossen	Bremanger	Mellom Storefossvatnet og Litlevatnet	Ja	Tørrlagd
Svelgsfossen	Bremanger		Ja	Tørrlagd
Agledalsfossen	Flora	Agledalselva mellom Storebru og Svarthomle, Oselvassdraget	Nei	Naturleg
Brudesløret	Flora	Haukåa	Avslag	Naturleg
Elv frå Stølstjørna	Flora	Vest for Brudesløret	Konsesjon	Naturleg
Hestedalsfossane	Flora	Nordalselva, fossar mellom Hestedalsvatnet og Litlevatnet	Avslag	Naturleg
Jonstadvfossen	Flora	Inst i Agledalen, nedstraums Jonstadvatnet, Oselvassdraget	Krav om konsesjonssøknad	Naturleg
Løkkebøfossen	Flora	Oselvassdraget	Søknad i kø?	Naturleg
Fessene	Flora	Mellom Fessevatnet og Storevatnet, Nordalselva	ja	Redusert
Foss frå Grisebotsvatnet	Flora	v. Brudesløret	Ja	Tørrlagd
Storebotsfossen	Flora	Mellom Nedre Storebottvatnet og Fessevatnet, Nordalselva	Ja	Tørrlagd
Hovlandselva	Flora	Vest for Eikefjord sentrum	Ja	Redusert
Gygrefossen	Flora	Mellom Blåmannsvatnet og Vassetevatnet	Nei	Naturleg

Tabell 3.2.1 Registrering av fossar/ stryk; viktige landskapelement